



Anette Hvidevold

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2026/3727-4		03.07.2026

Tilsynsrapport - synfaring 15.06.2026 - 196/5

Kvinnherad kommune var 15.06.2026 kl 12-1 på synfaring hjå grunneigar Anette Hvidevold, på teig 196/5 og 196/31 på Halsnøy. Oppmøte var ved gjødselkummen på gnr/bnr 196/5.

Med på synfaringa var Natalie Martins Sæberg frå byggesak, Arve Aarhus frå landbruksavdelinga og Synneve Skei, miljøretta helsevern.

Synfaringa vart munnleg og skriftleg varsla om til grunneigar på førehand. Grunnen til synfaringa var oppfølging av formell klage på om eigedommen vert nytta i samsvar med gjeldande løyve og regelverk innan jordbruk, nydyrking, forureining og plan- og bygningslova.

Miljøretta helsevern sine observasjonar:

- Utstyr og skjemmande materiale: Ved gjødselkummen var det plassert ein del utstyr. Grunneigar opplyste at dette kan vere til nytte på eit seinare tidspunkt, men at det per no ikkje ligg føre konkrete planar for bruken av det.
- Nyridda beite: På det nyridda beitet, der det på førehand var klaga på forsøpling, opplyste grunneigar at det nyleg var samla opp siloplast med totalt volum som romma ein plastsekk.
- Nedre beite ved veg og grind: Heilt nede ved vegen og grinda på beitet vart det observert overgrodd plast, ein vassbeholdar og ein glasfibertank.
- Myrområde med fyllmassar: På eit myrområde er det lagt ut eit dekke med massar. Klagar påstår at det er nytta ureine massar på dette området. Under synfaringa observerte vi mindre fragment av raud stein i overflata, men på grunn av overflatedekket var det vanskeleg å vurdere det totale omfanget eller det nøyaktige innhaldet i massane.
- Hageavfall og framande artar (thuja): Klaga omfattar også handtering av hageavfall og framande artar. Grunneigar opplyste at deira faste rutine har vore å samle opp hageavfall og trevirke for å flise det opp når mengda var stor nok. Grunneigar presiserte at denne praksisen no vert avslutta, då gjeldande regelverk set forbod mot å bruke slikt materiale i biorest.

- Gjødseleutslepp (2018): Gjødseleutsleppet i 2018 skjedde ifølgje grunneigar som følgje av eit teknisk uhell der ventilen på gjødselekummen svikta. Dette førte til lekkasje av mindre mengder gjødsele. Det vart opplyst at dokumentasjon på hendinga og handteringa vil verte ettersend til kommunen.
- Langs vegen bort til Grønhaug: Vidare låg det ubrukt utstyr langs vegen som grunneigar ville fjerne. Det vart også observert knust eternit (asbesthaldig materiale) på ein stad langs vegen. Grunneigar stadfesta at dette skal gravast opp, fjernast og leverast til godkjent mottak. Han ville ta biletdokumentasjon undervegs i dette arbeidet. I enden av vegen såg vi på ein tipp med massar som skal nyttast til planering. Vi påpeika innslag av plast i massane som må fjernast.

Arealet ved Strondavegen 102 synfarte vi ikkje denne dagen, men her har grunneigar rydda og skal sende bildedokumentasjon.

Miljøretta helsevern si vurdering:

1. Handtering av hageavfall: Alt hageavfall, uavhengig av om det inneheld framande artar eller ordinært organisk materiale, skal leverast til godkjent avfallsmottak. Hageavfall som vert liggande utan tilfredsstillande kompostering kan generere metangass og føre til uønskt avrenning av næringsstoff til nærliggjande vassdrag. Det vert synt til avfallsforskrifta § 9-4 a), som krev at biologisk avfall vert handtert forsvarleg. Avfallet må leverast til lovleg mottak for handtering av slike massar.
2. Opprydding av plast på beite: Overgrodd plast og anna næringsplast som ligg spreidd på beiteområdet må samlast inn og leverast til lovleg mottak.
3. Ureine massar: Eventuelle ureine massar som er gravne ned eller nytta som fyllmassar, må fjernast og leverast til godkjent mottak for handtering av forureina massar.
4. Skjemmande utstyr og materiale: Utstyr, reiskap og andre gjenstandar som er skjemmande og som ikkje er i aktiv drift, eller har ein naturleg funksjon i landbruksverksemda, må fjernast frå området.
5. Generelt avfall: Sjøppel, skrap og ubrukeleg utstyr skal fjernast og leverast til lovleg mottak.

Byggesak sine observasjonar og vurderingar:

Driftsbygning:

Informasjon frå eigar: Opplyst at dette er satt opp for lenge siden etter avtale med tidlegare eigar. Bygget er i bruk av nokon som driv med sau på garden.

Tilbakemelding etter tilsyn: Kommunen finn ikkje i arkiv at det er søkt om bygningen. Det må søkjast om dersom det er ønskeleg behalde, alternativt fjernast dersom det ikkje skal vere i bruk. Kommunen kan følgje dette opp som eit ulovleg tiltak, men i tråd med tilsynspraksis vedteken i kommunen, får ein først moglegheit til å søkje om tiltaket dersom ein ønskjer det. Ved eventuell søknad må det gjerast greie for om det er permanent eller mellombels tiltak, avstand til naboeigedom må avklarast og bruken må skildrast.

**Containere:**

Informasjon frå eigar: Opplyst at dei vert brukt til lagring av gardsutstyr og er avklart med kommunen at så lenge det vert flytta på kvart andre år er dette ok.

Tilbakemelding etter tilsyn: Plassering av containere for lagring i LNF område, er søknadspliktig. Tiltak kan vere mellombels, men flytting for å unngå lagring på same plass er ikkje vurdert som i tråd med regelverket. Behovet er då permanent og må klarleggjast.

Hall:

Informasjon frå eigar: Opplyst at denne vart oppført i 2025 til lagring av gardsutstyr.

Tilbakemelding etter tilsyn: På lik linje med containere er hallen eit søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova og må søkjast om. Kommunen oppmodar om å sjå lagringsbehovet i samanheng ved søknad.

Tak på gjødseltank:

Det vart stilt spørsmål frå eigar om tak på gjødseltank er søknadspliktig.

Tilbakemelding etter tilsyn: Det vart opplyst på sjølve tilsynet at det truleg er søknadspliktig, men må sjekkast og sendast ut svar i etterkant.

Kommunen har sjekka byggesaka og ser at tak ikkje var del av søknaden som det no er gjeve ferdigattest på. Tak er vurdert som søknadspliktig tiltak og må søkjast om. Landbruk gav rettleiing på moglege tilskot.



Kvikkleire:

Eigar stilte spørsmål om kontaktperson / ansvarleg og status for kvikkleire i kommunen. Tilbakemelding etter tilsyn: Sjå kommunens heimeside for informasjon om aktsemdskartlegging for kvikkleireskred: [Aktsemdskartlegging for kvikkleireskred - Kvinnherad kommune](#). Det er ikkje fast kontaktperson for kvikkleirespørsmål i kommunen. Rapporten viser kor det må innhentast fagkompetanse i samband med eventuelle søknader om tiltak. Om det er planar om konkrete tiltak så kan kommunen rettleie meir konkret.

Landbruk sine observasjonar og vurderingar:

Om dyrkingspunktta

Eigar har overteke i 2018. Det har vore kjøpt til teigar til garden. Andre kan ha hatt dyrkingsløyve. Det var dyrka til dels mykje på areala før noverande eigar.

Det var gitt dyrkingsløyve for fleire av areala i samband med Halsnøysambandet. Store mengdar sprengstein vart handtert. Eigarar har sjølv hatt avtalar med entreprenørar i samband med dyrkingsgjennomføring, tilkjøring av massar, gratis dyrking for å levera steinmassar frå dyrkinga ut mm.

Delar av garden deira er begrensa av hensyn til kvikkleire – framleis uavklart, ventar på avklaring og evt frigjerjing av begrensingar.

Eigarar gjer merksam på at det for somme dyrkingsløyve er påført feil gnr/bnr.

Eigar gjer greie for dyrkingar med at det var søkt massiv dyrking i samband med Halsnøysambandet, og at ein har søkt på ny om dyrking for områda som då ikkje blei tekne men var søkte og godkjente i samband med den store søknaden.

Eigar seier at det for dei ikkje har vore enkelt å halde styr på og at dei tidvis har vurdert feil, særleg i starten, med at dei trudde areala var innanfor det som var søkt og starta opp arbeid utan at det var avklart. Td i myra, men at arbeidet blei stoppa når det blei klargjort. Myra er seinare søkt og godkjent av kommunen.

Oppsummert er det ikkje dyrka areal utan søknad, men tidvis har det vore gjort feil ved oppstart og retta etter kvart. Det er trong om betre kontroll på massemtak, og auka fokus på etterkontroll og fjerning av uønsk materiale i dyrkingsarbeidet.

Landbruk sitt syn er at drivarane driv aktiv landbruksdrift og har stor trong om areal. Landbruk er positiv til dyrkinga som har føregått. Avvik i søknadstidspunkt har blitt ordna og dyrkinga er utført i tråd med plan.

Landbruk vil kikka nærare på påstått dyrking på Grønhaug – 196/108. Der var det fleire tiltak som klagar har oppfatta som dyrking utan løyve. Det var dreneringstiltak der, det har vore beiteryddingstiltak der, men ikkje dyrkingssøknad eller dyrkingstiltak iflg eigar. Eigar nevnte noko med graving i samband med beiterydding. Beiterydding med gravemaskin kan krevje dyrkingsløyve. Dette vil vi sjå nærare på.

Det er kikka nærare på i flyfoto og synfaring i felt 17/6, samt ettersyn i saker som er handsama. Kommunen kan ikkje sjå at det er utført tiltak som er utover det som er søkt om, men ser samstundes at fleire tiltak ha vore gjennomført og involvert fleire eigedomar, slik at det kan vera vanskelig for naboar etc å finne att tiltaka om ein leitar for å sjekka lovlighet i postlister eller liknande. Landbrukstiltak kan ofte gjennomførast utan nabovarsling.

Vidare saksgang:

Miljøretta helsevern: Sender ut vedtak om pålegg om opprydding etter forureiningsregelverket

Byggesak: Følger opp etter plan og bygningslova

Landbruk: Følger opp etter landbruksregelverket

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Natalie Martins Sæberg
Arve Aarhus

Rosendalsvegen 10
Rosendalvegen 10

Mottakarar:

Anette Hvidevold